

Profilering - tema på årsmøte i Uskedal utvikling.

06.02.2019



Marit Hjønnevåg og Anja Strüter har vore sentrale i profileringa av Uskedalen den siste tida.

Profilering var tema på årsmøte i Uskedal utvikling. Anja Strüter fortalte om innspelinga av programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu, frå fyrste kontakten med redaksjonen til ferdig program. Marit Hjønnevåg, dagleg leiar i Hjønnevåg AS, tok oss med på ei kort historisk reise og vidare om det å vera fiskematprodusent med fagkunnskap, hardt arbeid og strenge krav til kvalitet.

Profileringa frå Skorpo omfatta også reportasje i vekebladet Hjemmet med film på Facebook. Journalisten var Gunn Gravdal Elton. I innlegget fekk ein lov å ta med informasjon og reklame om Anja si terapiverksemd. Familien i Vågen driv også utelege gjennom Airbnb.

NRK redaksjonen var nøyen på kva dei ville ha med i programmet. Fokus var famlien på Skorpo med gardsdrifta, gutane sine fritidsaktivitetar og Anja som tilflyttar frå Tyskland. Kars Heinz er med i gardsdrifta. Han vart synt fram med hobbyen sin som trommis i siloen. Anja er takksam for det ein har fått til. Ho takkar Thor Inge Døssland som er fink med tips og få fram gode saker for media.

Hjønnevåg kan syna til samanhengande drift sidan 1948. Det har vore ei god drift, men også krevjande periodar. Bestefar hennar, Henrik Hjønnevåg, kom frå Hjønnevåg i Solund. Han dreiv med brønnbåt på kysten. Tyskarane konfiskerte båten og familien flytta til Uskedalen våren 1940. Sønene Alf og Harald tok over og flytta verksmda til Børneset i 1983. Marit har vore dagleg leiar sidan 2003.

Markedet starta med Kvinnherad, vart utvida til heile Sunnhordland og seinare med sal nasjonalt. Verksemda har i dag 12 tilsette. Alle er fast tilsette. Hjønnevåg kan ta inn lærlingar. Interessa for faget er lita. Marit er sjølv med i styret for opplæringskontoret der ein prøver å profilera sjømat og fiske som eit fag. Hjønnevåg er stor, mellom anna på på torsk, lutefisk og pepparmakrell

Marit fortel om utfordringar i markedet med sterke kjeder. Det er noko ein må forholda seg til. Hjønnevåg eig ledig areal på Børneset, dersom det er aktuelt med utviding. Det vert jobba eit skift i dag. Det er potensiale i

bygningmassen for større produksjon.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein reportasje i vekebladet **Hjemmet** har stor marknadsføringsverdi for Uskedalen og Kvinnherad.